## Nordsjøfartmuseet

- Museet i Telavåg fortel om den tyske terroren mot Telavåg-samfunnet i 1942. Her er unike foto og gjenstandar som fortel om tragedien.
- Ingen norske lokalsamfunn vart ramma så hardt under krigen, og museet skildrar arrestasjonar og fangenskap som fekk dødeleg utgang.
- Ein app som fortel mykje om krigshendingane i Telavåg, kan lastast ned til mobil eller nettbrett, og appen kan ein bruka til å guida seg rundt i bygda.
- Nordsjøfartmuseet inneheld utstillingar som gjev mykje informasjon om den omfattande nordsjøfarten over til Storbritannia i løpet av krigsåra.
- Museet fortel dramatiske flukthistorier, og ein får innblikk i kva slags risiko det kunne innebera å trossa Nordsjøen og nazistane.
- Det er stort fokus på den såkalla Shetlandsgjengen, som er nokre av dei mest kjende frå nordsjøfarten. På museet kan ein sjå medaljane til Shetlands-Larsen.
- Denne sommaren har museet også ei fotoutstilling av Marit Ljøsne, med bearbeidde naturfoto.
- Nordsjøfartmuseet nyttar og uteområdet til å læra born og andre om farne tider.

## Fjell festning

- Fjell Festning inneheld museumsutstillingar som ligg inne i autentiske fjellanlegg på toppen av Fjedlafjedlet i Fjell-bygda.
- Festningsanlegget er eit av dei større enkeltståande festningsanlegg i Europa frå andre verdskrigen.
- Utstillinga fortel historia om korleis Fjell festning vart bygd i perioden 1942 til 1945, mellom anna med ein stor interaktiv landskapsmodell. Det var i stor grad sovjetiske krigsfangar som bygde festningen.
- Her finst også ei samling av våpen og gjenstandar frå andre verdskrigen.
- Museet har ein stor modell av ein trippelkanon demontert frå slagskipet «Gneisenau». Kanonen er av same type som den som stod på festningen. Her finst også ein modell av skipet.
- Der kanonen stod, er det no kafébygg med trapp ned og inn i den underjordiske festningen.



*Pia Sofie Berg Mordal skjermar seg frå varmen medan ho får jernet varmt. På museet i Ovågen kan ein innimellom få prøva seg som smed.* Foto: Kyrre Styve

# Eit innblikk i gamledagar

**På Kystmuseet i Øygarden får ein oppleva korleis strilane levde før.**

**KYRRE STYVE**
kyrre@vestnytt.no 95919514

– Her prøver me å visa livet ved havet gjennom minst 10.00 år, seier Bjørg T. Christophersen, dagleg leiar ved museet.

Det handlar om korleis folk har livnært seg frå steinalderen og framover, med spesielt blikk på energi.

– Før brukte ein torv som varmekjelde. I 1953 fekk me elektrisitet, så har me utviklinga vidare fram mot vårt moderne samfunn, fortel ho.

Kystmuseet i Ovågen har eit stort bygg med utstillingar og filmframsyning, men nyttar og det idylliske uteområdet.

– Me ønskjer å gje folk ei oppleving av korleis det var før i tida.

Museet har innimellom eigne aktivitetsdagar der det skjer mykje på uteområdet. Nyleg hadde dei ein slik dag der museumsgjestane kunne prøva seg som smed, kverna korn, skyta med pil og boge, kasta hestesko eller bli med ut på fisketur.

– Me har og uleige av robåt og kano og syklar, seier Bjørg T. Christophersen til Vestnytt.

## Kystmuseet i Øygarden

- Hovudutstillinga på Kystmuseet i Ovågen heiter «Hav og vind – Jord og eld». Den skal visa korleis kystfolket har nytta naturen og ressursane ulikt gjennom tusenvis av år.
- Utstillinga «Eg rodde meg ut» fortel om heimefisket som næring og levesett ute på øyane. Denne utstillinga inneheld mange fiskereiskap som vart brukt i lokalområdet.
- Museet inneheld også eit heilt moderne havbruksanlegg. En kan få guidetur i båt ut til ein laksemerd, og guiden vil fortelja om korleis havbruksnæringa i Noreg har vokse fram.

Vestnytt har invitert arrangørar til å senda inn informasjon om kulturarrangement i løpet av sommaren. Vi har neppe fått inn alt, men her er i alle fall no

# Kulturkalender for Fjell, Sund og Øy

## Juni:

**17. JUNI: SPEKTAKULÆR KONSERT I HAVGAPET!** Gratis friluftskonsert med Fjellkoret, Sund blandakor, Algrøy bygdakor, Andreas Pareli og Martin Engelsen laurdag 17. juni klokka 17.00 i Maggevikja på Algrøy. Frå Algrøy skule vil det vera godt merka løype i lett terreng, og turen tek omtrent 45 minutt i roleg tempo. Velkomen. *Arr.: Algrøy bygdakor*



**18. JUNI: SOMMARKONSERT:** Eidesjøen Grendalag arrangerer sommarkonsert på Lavvoen i Eidesjøen søndag 18. juni kl. 16.00. Artistar: Aristocats m/Siv Berge og Roy Vorland, Serendipity m/Belinda Berge, Wayne Withfield, Ingvild Spilde og The Band. Sal av kaffi, brus og kaker. Barn under 15 år gratis i følgje med vaksne. Velkommen

**18. JUNI: VALENSKIFTET ZOO HELD OPEN HAGE FRÅ KLOKKA 12.00.** Hels på mellom anna høner, kaniner, minigris og fleire to- og åttebeinte dyr. (Barn under 2 år gratis). Velkommen!

**18. JUNI: VETENLØPET.** Søndag 18. juni er det klart for den 18. utgaven av Vetenløpet. Her er det både tidtaking og turklasse. Løpet går fra Førde i Klokkarvik og ender på Førdesveten, 284 meter over havet. *Arrangør: Glesnes ungdom og idrettslag*

**20. JUNI: AKTIV+ HAR AVSLUTNING PÅ SOTRA ARENA.** Programmet denne dagen: Klokka 10.30: Aktivitetar inne og ute. Trimgruppe, Balansegruppe og badminton. Turar i løypene ute. Kafeen er open klokka 10.00 –14.00. Klokka 12.00: Yvonne Algrøy og Helga Golten vil stå for underhaldning denne dagen. Med utdrag frå «Singel og Sand» blir dette ein time med latter og løye. Vel møtt til avslutningen av et aktivt halvår ute og inne. Støttast av Folkeakademiet Vest. Opent for alle seniora.

**22. JUNI: IMPROSOMMER! PÅ BAKSCENEN** på Straume. Framsyninga startar klokka 21.00. Dørene opnar klokka 20.00.



Sund Sportsklubb arrangerer fotball- og handballskule. Bildet er frå i fjor. Foto: Gjertrud Østervold Toft

**24. JUNI: HELLESØYDAGEN.** Aktivitets- og marknadsdag laurdag 24. juni klokka 10.00–16.00. Stor marknad med lokal mat, kunst, håndverk m.m. Klatrevegg. Hoppeslott, hesteridning, lykkehjul. Bokkafé. Bålbrenning klokka 19.00. *Arrangør: Hengjos venner*

**TINE FOTBALLSKULE PÅ NESEMYRA 26.-28. JUNI (1.-7. KLASSE)** Frammøte klokka 10.00 - henting klokka 15.00. Ta med mat og drikke. *Arr.: Ferieklubben i Øygarden kommune.*

**SUND SPORTSKLUBB ARRANGERER FOTBALL- OG HANDBALLSKULE** for born 6–12 år 26.-30 juni klokka 10.00–14.00 (fotball mandag-onsdag, og handball onsdag-fredag). Pris inkl. mat, T-skjorte og ball. *Påmelding via facebook/Sund SK*

**AKTIVITETSDAG I FYSAKHALLEN - SLETTEBAKKEN 29. JUNI (1.-7. KLASSE).** Eigen buss frå Hellesøy klokka 09.00, retur frå Slettebakken klokka 13.00. Ta med mat og drikke. *Arr.: Ferieklubben i Øygarden kommune.*

**BADING PÅ LANGØY 30. JUNI KLOKKA 10.00–15.00. FOR 1.-7. KLASSE.** Frammøte og henting ved Skjergardsheimen leirskule. Bading, leik, grilling og mykje moro. *Arr.: Ferieklubben i Øygarden kommune*

## Juli:

**PAINTBALL OG KLATRING 3. JULI KLOKKA 10.00–15.00.** For 5.-7. klasse. Frammøte og henting ved Skjergardsheimen leirskule. Actionfylt dag med mange utfordringar. Ta med mat og drikke. *Arr.: Ferieklubben i Øygarden kommune*

**AKTIVITETSDAG PÅ TJELDSTØ SKULE/NESEMYRA 3. JULI KLOKKA 10.00–15.00.** For 1.-4. klasse. Frammøte og henting på Nesemyra. Ta med mat og drikke. *Arr.: Ferieklubben i Øygarden kommune*

**FISKING MED STANG ELLER GARN - OG GRILLING 4. JULI KLOKKA 10.00–15.00.** For 5.-7. klasse. Frammøte og henting ved Skjergardsheimen leirskule. Vi håpar på vindstille og sol frå klar himmel. Du treng ikkje ikkje ta med redningsvest eller mat og drikke. *Arr.: Ferieklubben i Øygarden kommune*

**KYSTMUSEET I OVÅGEN 4. JULI KLOKKA 10.00–15.00.** For 1.-4. klasse. Denne dagen vert det mykje leik, fisking etter krabbe m.m. Skyting med pil og boge, og kanskje ein tur innom smia. Grilling vert det og. Kle deg etter veret. Du treng ikkje mat og drikke til denne dagen. *Arr.: Ferieklubben i Øygarden kommune*

**MUSIKKSYKKELVERKSTED 5. JULI PÅ KULTURHUSET PÅ RONG** klokka 10.00–15.00. For 5.-7. klasse. Ta med sykkel - denne dagen skal de få laga sykkelsymfoni, det er sykkelen som skal vera instrumentet. Musikken som vert laga vil jo vera perfekt å framføra under Sykkel-VM i september. Litt meir øving saman med Ole Andre som skal vera læremeister før framføringa under VM, legg me og opp til. Ta med mat og drikke denne dagen. *Arr.: Ferieklubben i Øygarden kommune*



**AKTIVITETSDAG I FJÆRA MED KANOPADLING 5. JULI KLOKKA 10.00–15.00.** For 1.-4. klasse. Frammøte og henting ved Skjergardsheimen leirskule. Borna får utfolde seg i fjæra. Dersom veret er på vår side, kan det verte ein tur i kano også. Du treng ikkje mat og drikke til denne dagen. *Arr.: Ferieklubben i Øygarden kommune*

**PAINTBALL OG KLATRING 6. JULI KLOKKA 10.00–15.00.** For 5.-7. klasse. Frammøte og henting ved Skjergardsheimen leirskule. Actionfylt dag med mange utfordringar. Ta med mat og drikke. *Arr.: Ferieklubben i Øygarden kommune*

**AKTIVITETSDAG I PARDALSMYRA 6. JULI KLOKKA 10.00–15.00.** For 1.-4. klasse. Frammøte og henting ved parkeringsplass ved Turøyvegen. Denne dagen vert det mykje leik ute i aktivitetsparken. Zip line, balansestokker, disser og klatring. Grilling. Hugs å kle deg etter veret. Du treng ikkje mat og drikke til denne dagen. *Arr.: Ferieklubben i Øygarden kommune*

# garden sommaren 2017

**6. JULI: IMPROSOMMER! PÅ BAKSCENEN** på Straume. Framsyninga startar klokka 21.00. Dørene opnar klokka 20.00.

**KORLEIS LAGE DIN EIGEN MUSIKK. 7. JULI KLOKKA 10.00–15.00.** For 1.-7. klasse. Frammøte og henting på Rong senter. Her skal borna få laga komposisjonar med ein del teknologiske hjelpemidlar der dei også bruker objekt rundt seg og gjer dei om til «instrument». Dette vert spennande - kan vi med dette få ein ny «Kygo» i Øygarden? Ta med mat og drikke. *Arr.: Ferieklubben i Øygarden kommune*

**8. JULI: PUTREFEST PÅ GLESVÆR.** Familiearrangement frå klokka 14.00 med musikk og marknad. Konsert om kvelden med mellom andre Trond Olsen, Vivian Steinsland og Serendipity.

**20. JULI: IMPROSOMMER! PÅ BAKSCENEN** på Straume. Framsyninga startar klokka 21.00. Dørene opnar klokka 20.00.

## August:

**3. AUGUST: IMPROSOMMER! PÅ BAKSCENEN** på Straume. Framsyninga startar klokka 21.00. Dørene opnar klokka 20.00.

**11. AUGUST KLOKKA 20.00: KONSERT MED LOTHEPUS OG DANS MED CHICKSA** på Panorama Hotell & Resort.



*12. august er det duka for Sprint Triathlon på Glesvær igjen.* *Arkivfoto: Elise Årdal*

**LAURDAG 12. AUGUST 2017: STRILAMAN SPRINT TRIATLON PÅ GLESVÆR.** Konkurransen foregår på vestsida av Sotra, og her vil du som utøvar symje, sykle og springe frå kai til kai i flotte omgjevnader. Alle over 16 år kan delta. *Arr.: Glesnes ungdoms- og idrettslag*

**COUNTRYWEEKEND I ÅGOTNESHALLEN, 18.-19. AUGUST.** Artistar som Rotlaus, Too Far Gone, Capt. Kane, Splint, med fleire.

**18. AUGUST: SESONGOPNING PÅ BAKSCENEN.** Framsyninga startar klokka 20.00. Dørene opnar klokka 19.00.

**18. AUGUST: HAMNEMILA 1852** er eit motbakkeløp frå Kleppesjøen til Kleppaksla. Lengda på løpet er ei nautisk mil og høgdeforskjellen er omkring 200 meter. Første pulje startar klokka 17.30.

**19. AUGUST: HAMNEDAGEN** er ein marknadsdag og festdag. Folk frå nært og fjernt fyller nausta rundt hamna i Kleppesjøen. I nausta vil du finne sal av spennande lokal mat og handtverk. Hamnedagen vert fylt med musikk, kultur, leik, marknad, fiske, kafé, konkurransar, underhaldning og mykje meir. 09.30 - 10.00: Påmelding til fiskekonkurranse. 10.00 - 13.00: Fisketevling frå land og båt. 10.00 - 12.00: Fisketevlinga i indre hamn. 11.30 - 12.00: Innlevering av kaker til kakebaketevlinga. 11.00 - 16.00: Marknad. Aktivitetar for barn. Filmframsyning – Sotratrampen. Fotoutstilling. Historieforteljing. 13.00 -
16.00: Elias - båttur for barn. 13.30: Premieutdeling. 16.00: Badeballsleppet!. 20.00: Vi avslutter Hamnedagane med ein gammaldags striladans. I år er det Ørjan Vatne med band som speler opp til dans. 18 års aldersgrense. Slutt klokka 02.00. For meir informasjon og påmelding, sjå heimesida.

**19. AUGUST: COASTMAN NORWAY TRIATHLON/NM I TRIATHLON I ØYGARDEN.** Noregsmeisterskap i fulldistanse triathlon: 3800 meter symjing, 180 kilometer sykling og 42 kilometer løping. I tillegg vert det halvdistanse triathlon, og den overkommelege lagkonkurransen for kvinner/menn og mix-lag. Er du flink å symja, får du med deg ein syklist og ein som spring, så er laget på plass. Starten går ved Tjeldstø hamn, der deltakarane symjer sine distansar, før dei spring opp til syklane. Sykkeletappen går sørover frå Tjeldstø og tilbake i ein relativt flat løype. Til slutt står springing for tur, då spring du i magiske omgjevnader frå Tjeldstø til Hellesøy og tilbake - to gonger på full triathlon og ein gong på halvdistanse. Triathlon er for mange den ultimate utfordring. Her må du beherske tre forskjellige idrettar eller dele på oppgåvene, men når du kan gjere det i så flotte omgjevnader, blir det ei stor oppleving for både utøvarane og alle som ser på. Velkomen til folkefest! *Arr.: Coastman Norway og Pådriverne AS.*

**TIRSDAG 22. AUGUST: AKTIV+ I SOTRA ARENA.** Klokka 10.30: Aktivitetar inne og ute. Trimgruppe, Balansegruppe og badminton. Turar i løypene ute. Kafeen er open klokka 10.00 –14.00. Klokka 12.00: Jørn Øyrehagen Sunde foredrar over temaet «Demokratiet i det 21. hundreåret - ingenting er som det brukte å vera». Støttast av Folkeakademiet Vest. Opent for alle seniora.

**25. AUGUST KLOKKA 19.00–21.00: STRILASHOW MED CATO OG CLAUS** på Kystmuseet i Øygarden. Cato og Claus gjorde stor suksess med kabareten «Singel & sand» i Bergen i 2016. I denne framsyninga vil duoen gi publikum smakebitar frå kabareten. Strilekulturen var og er full av skarpe profilar. Cato & Claus alias Cato Jensen og Claus Sellevoll, går tett på dei frodige karakterane og byr publikum krambuedrops gjennom muntre sketsjar og songar frå eit miljø og ein kultur som dei fleste kjenner til på Vestlandet. Framsyninga vert i kafeen på museet.



**LØRDAG 26. AUGUST: ØYGARDSMILA.** 08.00 - 10.00: Startnummer kan hentes i sekretariatet på Rong senter. 10.30: - Start Minimila. 12.00: - Start 10 kilometer. 14.00: Gratis utekonsert ved Rong senter, etterfulgt av premieutdeling

**FJELL KYSTLAG ARRANGERER STORT MARKED PÅ LANGØY, (LANGØYMARKNADEN) LØRDAG 26. AUGUST OG SØNDAG 27. AUGUST.** Lørdag 26. august opnar varaordfører Tom Georg Indrevik marknaden klokka 12.00, og søndag, 27. august klokka 11.00 vil Erling Kopperud halde gudsteneste på marknadsplassen fram til klokka 11.45. Det blir variert underhaldning under marknadsdagene, gratis utleige av kanoar og robåt. Alle barn som ønskjer det, vil få anledning til å ri fjording og ponni. Utstillarane, over 30 i talet, vil ha eit stort utval av varer å selge, det vil bli sal av nystekte boller frå bakeriet på Langøy, og Fjell Kystlag selger eit variert utval av varm og kald mat og drikke. Vi har betalingsterminal. Hugs at vi er det største markedet vest for Sotrabrua. Fjell Kystlag vil ha med seg og vise et godt utval av dei gamle tradisjonsbåtane som laget har i samlinga si på Ågotnes. Det vil også bli vist film om arbeidet kystlaget gjer gjennom vinteren. Gratis adgang og alle er hjerteleg velkomne. *Arr. Fjell Kystlag.*

**27. AUGUST KLOKKA 11.00–13.00: DET STORE SILDASTENGET PÅ ALGRØYNA I 1924 - VANDRETUR.** Frammøte ved Algrøy skule. Vinteren 1924 vart det gjort eit makalaust sildasteng i Kungvika på Algrøyna. Hans Inge Algrøy vil ta oss med på vandretur på Algrøyna for å høyra om og gå i fotefara til folka der då dei gjorde det store sildastenget vinteren 1924. Turen som går på sti, må seiast å vera lett og vil ta om lag to timar. *Turen er eit samarbeid mellom Fjell kulturminnelag, Algrøy Bygdalag og Fjell turlag*





**27. AUGUST 2017 KL. 1100 - 1600: TRELLEVIKSTEMNET.** Vi ønsker velkomment til det tradisjonsrike Trellevikstemnet. I år håper vi å få samlet så mange oselvarar som mulig frå Sund. Ved godt vêr håpar vi å få til ein rokonkurranse. Klokka 11.00: Gudsteneste ved sokneprest Kjell Asle Børnes. Sund Blandakor deltar. Klokka 12.00: Alle aktivitetar opnar. Eliasbåten, kano-/kajakkpadling, jolleseiling. Det blir og anledning å få vere med å seile oselvar for dei som måtte ønskje det. Kafé i skjenkestova. Olav Toft sine samlingar er opne i Tofterøy skule. Klokka 14.00 Kulturstund i Trelleviknaustet. Musikkinnslag. Foredrag om Oselvaren v/Kjell Magnus Økland. Minikonsert. Trekking av hovudgevinst. Avslutning ca. klokka 16.00. *Hovedarr. Folkeakademiet Sund. Medarr: Sund kystlag, Redningselskapet Ung, Sund turlag.*

**TIRSDAG 29. AUGUST: AKTIV+ I SOTRA ARENA.** Klokka 10.30: Aktivitetar inne og ute. Trimgruppe, Balansegruppe og badminton. Turar i løypene ute. Kafeen er open klokka 10.00 –14.00. Klokka 12.00 vil representant frå Fylkesmannen kåsere over «Sitkagranen – lovprist og svartelistet». Støttast av Folkeakademiet Vest. Opent for alle seniorar.

>>>

**Har du eit arrangement du vil ha med på kulturkalenderen vår, send e-post til helsing@vestnytt.no. Vi oppdaterer kalenderen på vestnytt.no gjennom heile sommaren.**

## September:

**STRILAFESTIVALEN FREDAG 1. OG LØRDAG 2. SEPTEMBER:** Hovudscene inne på Torsvikhuset samt utescene på baksida. Familiearrangement laurdag med trylleshow, aktivitetar og mange spennande artistar. Desse artistane er klare: Last Hippies, Sivvah, Dumpster Divas, Grace & Menace, Bighorn Butterboys, Tor-Erik Rong, Stian Thorvaldsen, Jens Erik Aasmundseth

**LØRDAG 2. SEPTEMBER 2017: STRILAMAN SWIMRUN.** Swimrun er ein konkurranse der du, saman med ein makkar, både spring og symjer. Litt over 1 kilometer symjing og 5 kilometer springing. Konkurransen foregår på vestsida av Sotra, og her kan du og din makkar symje og springe frå holme til holme i flotte omgjevnader. *Arr.: Glesnes ungdoms- og idrettslag*

**TIRSDAG 5. SEPTEMBER: AKTIV+ I SOTRA ARENA.** Klokka 10.30: Aktivitetar inne og ute. Trimgruppe, Balansegruppe og badminton. Turar i løypene ute. Kafeen er open klokka 10.00 –14.00. Klokka 12.00: Øystein Jansen foredrar over temaet «Geologien i vårt nærområde». Støttast av Folkeakademiet Vest. Opent for alle seniorar.

**TIRSDAG 12. SEPTEMBER: AKTIV+ I SOTRA ARENA.** Klokka 10.30: Aktivitetar inne og ute. Trimgruppe, Balansegruppe og badminton. Turar i løypene ute. Kafeen er open klokka 10.00 –14.00. Klokka 12.00:Steinar Nesse, rådmann i Fjell vil orientere om «Integrering av flyktninger i Fjell». Støttast av Folkeakademiet Vest. Opent for alle seniorar.

**TIRSDAG 19. SEPTEMBER: VM I SYKKEL - AKTIV+ HAR FRI.**

**22. SEPTEMBER: HEGE TURØY HAR KONSERT I LUFTSKIPET** på Straume klokka 19.00.



**23.-24. SEPTEMBER: SYKKEL-VM:** Fellesstart for juniorar laurdag 23. september. Fellesstart menn elite søndag 24. september. Start: Rong i Øygarden. Mål: Bergen sentrum.

**TIRSDAG 26. SEPTEMBER: AKTIV+ I SOTRA ARENA.** Klokka 10.30: Aktivitetar inne og ute. Trimgruppe, Balansegruppe og badminton. Turar i løypene ute. Kafeen er open klokka 10.00 –14.00. Klokka 12.00: Leslie Sofia Pareia Eide vil foredra over temaet «Delirium afther ...» Norsk tittel kommer senere. Støttast av Folkeakademiet Vest. Opent for alle seniorar.

## Arrangement gjennom heile sommaren:

**«SPOR I FJORD» - TYSSØYVÅGEN.** «Spor i landskap 6» - Paris, Tyssøy. Utstillingen blir stående så lenge vær og vind tillater. *Arr.: Bjorøy og Tyssøy kulturlag*

**KUNSTUTSTILLING I GLESVÆR KAFE.** Kunstutstilling. Open kvar dag 11–23.00.

**LUFTSKIPET KGB KUNST OG KULTURFORMIDLING** har stengt for sommaren, men opnar for besøkande om dei er heime.

**LITLESOTRA ORIENTERINGSKLUBB** set ut sommararpostane til årets turorientering i Foldnesmarka 1. juni. Haustpostene vert sett ut 1. august.

**MISJE MUSEUM,** historia til ei vestlandsbygd frå 1900-talet, opnar kvar søndag mellom kl 16.00 og 18.00.

**FJELL FESTNING** er open frå tirsdag til søndag kvar veke frå mai til ut september. Frå klokka 11.00 til klokka 16.00. Ein kan besøke kanonbrønnen på eigenhand kvar dag og dermed få sjå både nye og etablerte utstillingar. Guida turar er på søndagar klokka 11.00, 12.30, 14.00 og 15.30. Ny, permanent utstillinga har opna på Fjell festning. Den handlar om dei sovjetiske krigsfangane og korleis den store krigen påverka den vesle bygda Fjell. På Fjell festning kan ein no sjå vandreutstillinga «Barn i krig» fram til 10. september 2017. Utstillinga rettar merksemd mot barns situasjon i krig og konfliktområder. Det er avistegnernes hus i Drøbak som står bak utstillinga som inkluderer teikningar frå over 50 forskjellige land. Lurer du på noko som gjeld festninga? Last ned appen om Fjell festning heilt gratis på digitalfestning.no. Då får du informasjon om alt som du kan sjå ute i området rundt festninga, fin å ha med på tur og lærerik. Open kafe og butikk kvar dag. Følg oss på facebook for meir informasjon.

**NORDSJØFARTMUSEET ER OPE KVAR DAG FRÅ MAI TIL UT AUGUST.** Mandag-lørdag klokka 11.00–16.00. Søndag klokka 12.00–17.00. Film om terrorhandlinga i Telavåg 1942 kvar halve time. Utstillingar om Nordsjøfarten og Telavågtragedien. Shetlands-Larsen sine medaljar er utstilte på museet. Du kan gjera ei historisk vandring i bygda Telavåg. Denne vandringa kan du også gjera med appen: «Virtuell vandring Telavåg». Med den kan du sjå film, bilete og høyre forteljingane til dei som opplevde dei tragiske hendingane våren 1942. Museet har open kafé og butikk kvar dag. Følg oss på facebook for meir informasjon.

**KYSTMUSEET I ØYGARDEN. OPE KVAR DAG. MANDAG-LØRDAG 11.00–16.00, OG SØNDAG 12.00–17.00. GUIDA TUR TIL OPPDRETTET ALLE DAGAR KLOKKA 13.00 OG 14.00. UTSTILLING, KAFE OG MUSEUMSBUTIKK. VELKOMMEN!**

**BIBLIOTEKA I VEST (ASKØY, FJELL, SUND OG ØYGARDEN) HAR OGSÅ I ÅR LESEKAMPANJEN SOMMARLES.** Sommarles er ein digital lesekampanje for barn frå 1.-7. klasse, som føregår frå 1. juni til 31. august. Vi ønskjer å frista ungane til å lesa masse bøker i sommarferien. På nettsida sommarles.no samlar barna poeng, deltar i oppgåver, ser kva andre venar les og tener opp digitale trofear. Undervegs gjer deltakarane seg fortente til små premiar som dei hentar på biblioteket. Og tilslutt, laurdag 9. september blir det sommarlesefest for alle som har vore med!

**PÅ FJELL FOLKEBOKSAMLING HAR VI OGSÅ KODEKLUBB I SOMMAR.** Det blir gratis kodeklubb for barn og unge på Fjell folkeboksamling 26. juni til 1. juli. Med programmeringsspråket Scratch kan du programmera dine eigne spel, animasjoner og forteljingar — og vise dei fram på nettet om du vil. Her kan barn og unge læra kreativitet, systematisk tenking og samarbeid. For barn mellom 8 og 12 år med noko eller ingen kjennskap til Scratch. Det er fint om ein vaksen vil vere med barnet.





Foto: Aude Boudeard

# Fra Belleville til fjorden på Tyssøy

**En fransk gatekunstner har forvandlet trauste naustvegger på Tyssøy til humoristisk, maritim kunst.**

**INGER ELISE J. ØKLAND**
inger@vestnytt.no 99358084

Utstillingen bærer navnet «Paris - Tyssøy, spor i fjord», er gratis og tilgjengelig både til lands og til vanns.

Ti år etter forrige «Spor i landskap» blåser Bjorøy og Tyssøy kulturlag nytt liv i den tidligere så veletablerte utendørsutstillingen. Denne gangen tar de den helt ned i fjæren og opp på naustveggene i Tyssøyvågen.

– Dette er en døgnåpen utstilling, man kan komme når man vil. Man kan gå rundt vågen på en sti eller komme med båt. Noen av motivene er det en fordel å se fra båt, mener Kyrre Grepp.

Det var under et besøk hos datteren deres i Paris at kunstnerekteparet Grepp og Aude Boudard kom i kontakt med Philippe Herard og hans gatekunst.

Tolv naustvegger er forvandlet. På noen av naustene er flere sider tatt i bruk. Utstillingen består i alt av 15 kollasjer med maritime motiver, som kan sees så lenge været tillater det. De malte motivene er nemlig festet med tapetlim, og vil med tiden regne bort.

– Her viser kunstneren hvor mye humor han har, man kan ikke gå rundt her uten å smile. Hver gang vi ser et nytt motiv lurer vi på hvor han tar det fra, han har en finurlig og fornøyelig kreativitet, sa primus motor Aude Boudard til Vestnytt like før åpningen 1. juni.

– Det gjør sterkt inntrykk på meg når folk kommer og ser dette og synes det er spennende, sier den franske kunstneren Philippe Herard.

Kystkultur – tradisjon og utvikling...

**Kystsoge vekene**

Fem veker med kystkultur, folkeliv, konsertar, foredrag, marknad i 22 kommunar frå Gulen i nord til Sveio i sør!



**12. august til 17. september**

Stiftinga Kystsogevekene

www.kystsogevekene.no

# VELKOMMEN TIL STEINSLANDSDAGEN

**24. juni 2017**




MARKNAD – KASSABILLØP – STEINSLANDSFARMEN – ANSIKTSMALING – HESTERIDNING – FORSKJELLIGE AKTIVITETER – KAFE




Marinebåten "Hitra" kommer

Kassabilløp



Konsert med Siway, Serendipity band og andre lokale innslag på kafen/ kaien kl 21.00. Inngang kr 200,-

# SOMMAR-AKTIVITETAR 2017

**AKTIVITETAR FOR UNGDOM 12 – 18 ÅR**

FOR UNGDOM SOM STARTAR I 8. TRINN

**AKTIVITETAR I JUNI**
Make-up og handmassasje
Fotokurs
Paintball/speedball

**AKTIVITETAR I JULI**
Camp Hissøyna
Rifleskyting/pistolskyting

**AKTIVITETAR I AUGUST**
Gaming på Straumeklubben
Parkour i/ved Bildøyhallen
Paintball
Kajakkpadling

WWW.UNGIVEST.NET
FOR MEIR INFORMASJON

**BASECAMP-AKTIVITETAR**
På Basecamp er det "Sommar for alle" heile ferien. Frå 2. juli til 10. august arrangerer Basecamp sommaraktivitetar tre dagar kvar veke.

- Tysdagar blir det «Feelgood»-aktivitetar
- Onsdagar blir det «Ope hus» med aktivitetar på Basecamp
- Torsdag blir det «Action»- aktivitetar

WWW.BASECAMP-SOTRA.NO
FOR MEIR INFORMASJON

basecamp

FOR PÅMELDING SJÅ WWW.UNGIVEST.NET



# MINIFESTIVAL 11-12. AUGUST

*VELKOMMEN TIL*
***MINIFESTIVAL***
*på Panorama Hotell & Resort*

**11.08: *Lothepus***
*og band med Chiksa*
*kl 20:00, Pris: 495,- per billett*

**12.08: *Konsert med Dr. Hook***
*starring Dennis Locorriere*
*kl 21:00 Pris: 495,- per billett*

**PAKKETILBUD: kun 900,-**
*for begge konsertene!*

*epost: booking@panoramahotell.no*
*telefon: 56 31 90 00*

PANORAMA HOTELL & RESORT

# Turtips for spreke strilar

**Sommaren er her - i alle fall på kalenderen. Her finn du oversikt over organiserte turar i regionen.**

## Juni:

**18. JUNI: GRILLING AND CHILLING PÅ SKOGSØY I ØYGARDEN.** Bli med på vår aller første Grilling & Chilling - tur på Skogsøyna i Øygarden! Turledere: Stine Sanden og Camilla Young. Oppmøtested: Ved kystmuseet i Øygarden klokka 11.30. *Arr.: DNT Ung Fjell*

**18. JUNI: TUR TIL LYDERHORN.** Turtype: Middels krevjande, ca 3 - 3,5 timar. Frammøte: Parkeringsplass v/ Fjell rådhus, klokka 10.30, (kjører derifrå til Skålevik). Turleiar: Helge og Irene Walle. *Arr.: Sotra og Øygarden turlag*

**20. JUNI: HEILDAGSTUR TIL OS.** Oppmøte Skogsvåg ved Rema 1000 klokka 10.30. Turtid: Heile dagen. *Arr.: Sund turlag seniorgruppa.*

## Juli:

**7.-9. JULI: BASECAMP PÅ VÅGSEIDESTRANDA PÅ LINDÅS** (16-20 år). Oppmøte: Fredag klokka 17.00. Hjemreise: Søndag klokka 16.00. *Arr.: DNT Ung Fjell*




**30. JULI: GRILLING AND CHILLING PÅ MAGGESTEINEN PÅ ALGRØY.** Vi møtes ved parkeringen ved Algrøy Bedehus klokken 14.00. Derfra går vi utover mot Maggesteinen og fyrer opp grillen og spiser noe god mat. *Arr.: DNT Ung Fjell*

## August:

**4.-6. AUGUST: BASECAMP PÅ HISSØYNA.** *Arr.: DNT Ung Fjell*

**12. AUGUST: RAFTING PÅ VOSS.** *Arr.: DNT Ung Fjell*

**18. AUGUST: KVELDSMATTUR TIL PARDALSMYRA** kl. 17.30-19.30. *Arr.: Barnas turlag Fjell*

**19.-20. AUGUST: SYKKELTUR PÅ RALLARVEGEN.** *Arr.: DNT Ung Fjell*

**22. AUGUST: RISØYNA ELLER VARDØYNA.** Oppmøte: Glesvær kai klokka 10.30. Turtid: Ca 4 timar. *Arr.: Sund turlag seniorgruppa*

**23. AUGUST: TUR TIL PURKENESET.** Enkel tur, natursti, ca 3 timar. *Arr.: Fjell turlag seniorgruppa*

**27. AUGUST: VIKÅSEN, ØYGARDEN.** *Arr.: Fjell turlag*

**27. AUGUST: VANDRETUR PÅ ALGRØYNA KLOKKA 11.00–13.00.** Det store sildastenget på Algrøyna i 1924. Turen som går på sti, må seiast å vera lett og vil ta om lag to timar. *Turen er eit samarbeid mellom Fjell kulturminnelag, Algrøy Bygdalag og Fjell turlag.*

**29. AUGUST: TENNESET FRÅ KAUSLAND.** Oppmøte: Kausland klokka 10.30. Turtid: Ca 3 timar. *Arr.: Sund turlag seniorgruppa*

**30. AUGUST: RUSSARSTEGEN-FJELLASÅTA-BUSKVATN.** Middels/krevjande, natursti, 3 timar. *Arr.: Fjell turlag seniorgruppa*



Nordsj

**På Sotra og i Øygarden finn du mange fine område du kan gå tur på eiga hand.**



**LIATÅRNET I FJELL:** Det er fleire stiar ein kan gå for å kome seg til høgste toppen på Sotra. Ei av løypene startar på asfaltvegen til Fjell festning. Følg riksveg 555 forbi Fjell kyrkje i retning Sund kommune. Vegen er merka med skilt i vegkryss. Når du startar på sjølve stien, er det bratt og ulendt terreng, og turen kan for mange oppfattast som tung. Men når du kjem til toppen, har du strålande utsikt 360 grader rundt. Du kan og gå på sti frå Lie, Haganes og Bildøybakken til Liatårnet.

**IDLEFJELLET PÅ ALGRØY I FJELL:** Nydeleg tur i klassisk kystkulturlandskap ytst i havgapet. Turen startar langs grusveg, deretter følgjer du sti. Det ligg flotte bruer og klopper over dei våtaste partia. Passar for alle som kan gå i ulendt terreng. Parker ved Algrøy skule, følg vegen litt sørover igjen til du kjem til bilveg til høgre som er skilta Storavegen». Følg denne til endes, der ser du ei grind. Det er skilta mot Idlefjellet og andre turløyper på Algrøy.






jøløypa mellom Kallestad - Telavåg. *Alle foto: Trine Syltøy*

## September:

**2. SEPTEMBER: TOFJELLSTUREN - SKJENET OG SPJELDSFJELLET.** Start og mål på Knappskog skule. Start klokken 10.00. *Arr.: Sotra Turn og idrettsforening*

**3. SEPTEMBER: BLÅTUR.** *Arr.: DNT Ung Fjell*

**3. SEPTEMBER: KOM DEG UT-DAGEN PÅ KÅRTVEIT-POLLEN.** *Arr.: Barnas Turlag Fjell*

**6. SEPTEMBER: TJELDSTØ-MARKA.** Enkel, natursti, asfalt, ca 4 timar. *Arr.: Fjell turlag seniorgruppa*

**10. SEPTEMBER: SOTRA BY NIGHT.** *Arr.: DNT Ung Fjell*

**10. SEPTEMBER: NORDSJØ-LØYPE 4:** Kallestad - Telavåg. *Arr.: Fjell turlag*

**12. SEPTEMBER: HÅKONSUNDET.** Oppmøte: Håkonsund kai klokka 10.30. Turtid: 2–3 timar. *Arr.: Sund turlag seniorgruppa*

**13. SEPTEMBER: LYDERHORN FRA GRAVDAL.** Krevjande, asfalt og natursti, ca. 4,5–5 timar. *Arr.: Fjell turlag seniorgruppa*

**17. SEPTEMBER: VORLAND-VETEN-VORLAND.** Oppmøte på Vorland ved den nye rasteplassen klokka 11.00. Ta med litt mat og drikke. Turen tar ca fire timar inkl. pause. *Arr.: Sund Turlag*

**19. SEPTEMBER: LERØYNA.** Oppmøte: Klokkarvik kai klokka 12.30. Ferje til Lerøy klokka 12.50 - retur klokka 16.00. *Arr.: Sund turlag seniorgruppa*

**20. SEPTEMBER: VÅGO-SALTSKOHAVN.** Enkel tur, natur. 2,5 timar. *Arr.: Fjell turlag seniorgruppa*

**24. SEPTEMBER: KYSTPASSTUR PÅ TYSSØY.** Ta med mat, drikke og kystpasset. Oppmøte ved parkeringsplassen på Tyssøy klokka 12.00. *Arr.: Barnas turlag Sund.*

**26. SEPTEMBER: VORLANDS-VATNET RUNDT.** Oppmøte: Haugeheimen klokka 10.30. Turtid: 2–3 timar. *Arr.: Sund turlag seniorgruppa*

**27. SEPTEMBER: SMALANESET, ALGRØYNA.** Middels, natursti. 3,5 timar. *Arr.: Fjell turlag seniorgruppa*

**ORMHELLEREN I ØYGARDEN:** Køyr over Rongesundet bru i Øygarden og parker ved Ormhilleren. Her finn du fleire stiar gjennom skog, lynghei og ut langs svaberga på vestsida. I området er det fine forhold for bading, fiske tur og rekreasjon.

**SKOGSØY I ØYGARDEN:** På Skogsøy kjem du heilt ut i havgapet. Parker ved brua før Herdlevær. Om lag 45 minutt gange på sti fram til Skogsøytuva.

**LUTATANGEN PÅ GOLTA I SUND:** Fin familietur i flott kystlandskap. Kan vere blautt når det er mykje nedbør. Køyr til Glesvær, ta av til høgre mot Golta. Parker på privat parkeringsplass til høgre for vegen.

**VETEN I SUND:** Du kan kome deg til Veten i Sund frå fleire stader. Ein av stiane startar på Vorland. Køyr riksveg 555 mot Steinsland. Mogeleg å parkera ved gamle Haugeskulen på Vorland.

Kjelde: ut.no

